

Innspel frå grendautvala

Til kommuneplanen sin samfunnsdel



31.01.2022

Innleiing

I samband med arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel inviterte Volda kommune til ei samling med grenautvala på Volda Samfunnshus, mandag 31. januar 2022 kl. 19.00–21.00.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Målet med møtet var å informere om arbeidet og samle innspel frå grenautvala til tre hovudtema i planen: Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, Livskvalitet og meistring og Grøn omstilling.

Program:

- Velkommen
- "Frivilligåret 2022" v/Astrid Gjersdal, leiar frivilligsentralen
- Informasjon om ny ordning: "tilskot til leikeplass"
- Informasjon om kommuneplanen sin samfunnsdel v/Regine S. Aklestad
- Sofasamtale med leiarane i Dravlaus og Innselset grendalag, Kilsfjord grendeutval og Trivel i sentrum v/varaordførar Sverre Leivdal
- Gruppearbeid og presentasjon gruppearbeid

Under gruppearbeidet vart deltakarane bede om å jobbe med ulike spørsmål knytt til hovudtema. Kvar gruppe besto av to-tre grenautval. Dette dokumentet inneheld ei oppsummering frå møtet og innkomne innspel. Innspela er forsøkt samla og forenkla etter tema. Dokumentet skal nyttast i vidare arbeid med samfunnsdelen, og vil vidareformidlast både internt i administrasjonen og til politikarane.

Deltakarliste:

Ordførar	Sølvi Dimmen (måtte melde avbod)
Varaordførar	Sverre Leivdal
Kommunedirektør	Rune Sjurgard (måtte melde avbod)
Kommunalsjef	Jarl Martin Møller
Kommuneplanleggar	Regine S. Aklestad
Austefjord grenautval	Astrid Gjersdal
Dalsbygd grenautval	Randulf Leite
Dalsbygd grenautval	Tove Nilsen Løset
Dravlaus og Innselset grenautval	Jorunn Beate Lillebø Lande
Dravlaus og Innselset grenautval	Eli Magnussen Hellebust
Dravlaus og Innselset grenautval	Sverre Myren
Engeset/Klepp/Nordalen grenautval	Heidi Øglænd
Hjartåbygda grenautval	Tonje Berg Bakkebø
Hornindal grendeutval	Bjørn Lødemel
Kilsfjord grendeutval	Oddbjørn Følsvik
Kilsfjord grendeutval	Solgerd Bakke
Kilsfjord grendeutval	Bente Hasle
Lauvstad og Velsvik grendalag	Sigleiv Skalde
Lauvstad og Velsvik grendalag	Sondre Raudøy
Lauvstad og Velsvik grendalag	Jon Grebstad
Mork grenautval	Øystein Åmelfot
Mork grenautval	Trine Mork
Vikebygda grenautval	Jonas Reitan
Vikebygda grenautval	Eli Øy Vassbotn
Vikebygda grenautval	Mona Helen Kile
Trivel i sentrum	Ellen Hesselberg
Trivel i sentrum	Idar Knudsen

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn



9 INDUSTRI,
INNOVASJON OG
INFRASTRUKTUR



11 BERKRAFTEDE
BYER OG
LOKALSAMFUNN



16 FRED, RETTIFERD
OG VELFØRERDE
INSTITUSJONER



17 SAMARBEID
FOR Å NÅ MÅLA

Har de døme på gode utviklingsprosjekt/nærmiljøtiltak som dykker gjendautval har jobba med/realisert?

- Breiband.
- Utbygging av fiber.
- Fiber til bygdene i samarbeid med kommunen.
- Utbygging av fiber.
- Mobildekning.
- Trafikktryggingstiltak.
- Trafikktryggingstiltak.
- Ljos langs veg/i belasta kryss.
- Gatelys i Dravlausbygda/Innselsetbygda.
- Brøyting/strøing av kommunale/private vegar.
- Ferjeforbindelse og takstar, ruteplanlegging ferge/buss.
- Protestere mot at vi vert avskorne frå sentrum med bompengar (Voldatunnelen).
- Grendahus.
- Støtte oppunder frivilligheita kring grendahuset (eigen org.)
- Har etablert leikeplass, ballbinge og grindløde for grilling. Supre tilbod til unge i alle aldrar.
- Etablert ballbinge
- Ny brannstasjon.
- Skulesituasjonen.
- Har fått på plass småbåthamn, sjøsettingsrampe og slipp for båtar.
- Merking og rydding av gamal stølsveg. Var eit samarbeid mellom frivillige og kommunen. Kan gjerne gjentakast med fleire stiar også.
- Turmål (Helgehornet).
- Rovfiske/fisking med lys i Austefjorden.

Kva håper de gjendautvala jobber med i framtida, for å skape attraktive og levande lokalsamfunn?

- Fremje bulyst.
- Framsnakke bygdene.
- Hjelpe lokale lag og organisasjoner.
- Halde på tradisjonelle arrangement i bygdene.
- Å vere eit bindeledd mellom bygdefolket og kommunen.
- Legge til rette for grunnleggande behov. "Pushe" på kommunen.
- Jobbe for å oppretthalde lokale tilbod.
- Barnehagar lenger opningstid.
- Trafikktryggleik, støtte frå kommunen for å få gjennomslag i sentrale etatar med tanke på overgangsfelt og fartsdemparar (på fylkes- og riksveg også).
- Betre bussforbindelse i kommunen.
- Vidare arbeid med brøyting/strøing av kommunale/private vegar.
- Merking og rydding av stiar. Samarbeid mellom frivillige og kommunen. Har gjort dette på ein sti, kan gjerne gjøre det på fleire.
- Støtte til lappen (moped/bil) for ungdomane? (Motiverande for å framleis vere på bygda?). Norman-utvalet foreslår avgrensa førarkort for 16-åringar, kanskje ikkje så dumt?

Kva opplever de er utfordrande i arbeidet med å skape attraktive og levande lokalsamfunn i dag?	Kva skal til for å løyse desse utfordingane?
Å få gjennomslag.	Høyringar må vere reelle og innspel bli lest av beslutningstakarar. + Tilbakemeldingar.
Tungrodde offentlege prosessar.	
Ungdommar som skal søkje om støtte til "småting" må ha org. nr. med vedtekter som er rett utforma, eit formelt styre osv. Er komplisert og omfattande. Byråkrati kan vere med på å forvitre det frivillige arbeidet.	Forenkle byråkratiet med å drive lokallag. Kan kommunen arbeide for mindre byråkrati for å søke støtte til frivillig arbeid?
Sentralisering av tilbod.	
Nedlegging av funksjonar; butikk, skule, barnehagar.	Kontorfellesskap i tomme skular og barnehagar.
Tilgang på hus og tomter. Er ein del som sit på eigedomar som ikkje vert brukt. Ein får ikkje like mykje lån som i sentrum, fordi verdien er lavare.	At det kostar meir å eige der ein ikkje bur/brukar?
Tilgang på tomter, tilrettelagt med regulering og evt. vatn og avløp.	
Tilgong på tomter og einebustadar på Mork, det vert bygd for mykje fleirmannsbustader. Dette påverkar også rekrutteringa til frivillige lag, for mykje gjennomtrekk av folk.	Sikre tomter og utbygging av einebustader, og at ikkje store utbyggjarar får bygge ut fleire leilegheiter og fleirmannsbustader.
Gardsbruk som ikkje blir solgt.	
Folk arbeidar utanfor bygda - stille bygder.	
Rekruttering/frivilligheit til lag og organisasjonar.	
Det kan vere utfordrande å få nok folk til å stille i frivillige lag.	Vi er inne på om Mork grendalag og Mork grendahus bør slåast i hop - ny utfordring: mister noko støtte?
	Forenkle frådeling av tomter.
At kommunen ikkje skal brøye Mjeltevikvegen er svært negativt for bygda, da dette er ein mykje brukt turveg både sommar og vinter. Mjeltevikvegen er svært viktig for fysisk og psykisk helse for mange, og også ein sosial møteplass for sundagsturen. Ikkje minst om vinteren er det eitt av svært få alternativ til å gå tur utanfor bilvegen.	Brøye vegen.
Styrke Volda og regionen	Bruer
Buss.	Det må vere muleg å bu på bygda og kunne ta buss. Betre kommunikasjonar.
Haldningar til kvarandre; folk i sentrum og folk i bygdene (begge vegar).	

Livskvalitet og meistring



3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



4 GOD UTDANNING



16 FRED, RETTFERD OG VELFØRERÅDE INSTITUSJONAR



17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA

På kva måte kan eit grenaudval bidra for å gjere lokalmiljøet til en enda betre plass å bu og vekse opp?

- Føle og fortelje kvar skoen trykker.
- Vere bindeledd og "vaktbikkje".
- Få på plass grunnleggande behov: breiband, mobildekning, vatn, bru.
- Infrastruktur (nett + mobil). Avgjerande for at det går bra å bu på bygdene.
- Framsnakke oss sjølv/bygdene.
- Fokusere på å få unge inn i grenaudvala.
- Ta vare på og vedlikehalde det som finst av ulike bygningsmasser, og ikkje vente til det blir for dyrt å gjere noko med (t.d. Nilletun på Mork). Synd om alt skal sentralisera.

Kva meiner de er viktige tiltak for at "voldasamfunnet" skal bli eit "aldersvenleg samfunn"?

Aldersvenlege lokalsamfunn handlar om å gjere samfunnet i stand til å møte utfordringane og moglegheitene knytt til ein aldrande befolkning. Eit aldersvennleg samfunn er eit samfunn der eldre m.a. har reell moglegheit til å ferdast i og nyte nærmiljøet, kan bu heime lengst mogleg, har aktivitetar dei har lyst til å delta på og moglegheit til å kome seg dit, unngår einsemd og sosial isolasjon og kan delta og bidra som den ressursen dei er.

- Lettstelte bustadar.
- Bufellesskap, gjerne med kontakt/nærleik på tvers av generasjonar.
- Kva med å samlokalisere omsorgsbustadar og barnehage? Møteplassar på tvers av generasjonar.
- Omsorgsbustader desentralisert.
- Utvikle Folkestadtun.
- Desentraliserte trygdebustader.
- Kvardagsrehabilitering.
- Gode og lett tilgjengelege turmoglegheiter i naturen for rullestolbrukarar og for dei som kan øve koordinasjon.
- Brøyting og strøing.
- Møteplassar.
- Kommunikasjonar, som buss.

Grøn omstilling



Kva vil de trekkje fram som viktige satsingsområde for å redusere klimagassutslepp i lokalsamfunnet?

- Trygge gang- og sykkelvegar til skule- og treningsfelt.
- Ladestasjonar på bygdene.
- Tryggare skuleveg, slik at færre køyrer til skule eller barnehage.
- Få på plass Voldatunnelen.
- Rydde opp i Vikeneskrysset, så ein kan kome seg inn på veggen.
- Kraftverk.

Eventuelle andre kommentarar til kommuneplanarbeidet:

- Det er for dårlig mobildekning i Dalsfjorden, spesielt Dravlausbygda.
- Busskur ved fergekaia i Volda for dei som skal ta buss f.eks. til Volda vgs. og sjukehuset.
- Krysset ved fergekaia i Volda.
- Vi meiner kommunua bør vere kontaktledd mellom grendalag og eksempelvis fylke/stat og bistå med hjel der det trengst.
- Kommunisere meir direkte mot grendalaga når det er saker som er aktuelle for den grenda (det er vanskeleg å finne fram og halde seg oppdatert inne i planane).
- Kontinuerleg buss, gjerne kvar time mellom Grodås/Stryn og Volda sentrum.
- Brannkorpsa på bygdene er viktige.
- Opplever at "ting må inn med teskje" til kommunen nokre gongar. Bruker mykje tid på å få til enkle ting, fordi kommunen ikkje skjønar problemstillinga eller utfordringa.
- Bru over fjorden vil ikkje berre kome lokalbefolknigna til gode, men vil binde saman regionen, og vere med å styrke regionale funksjonar som t.d. sjukehus og høgskule.

Innspel frå grendeutvala til planprogrammet

Fleire av grendeutvala kom også med innspel til planprogrammet, då det var på høyring. Under følgjer eit kort resymé/utdrag frå innspela, med lenke til kvart brev.

Innspel frå Folkestad grendalag. Lenke: [Dokument 21/8090](#)

Friluftsliv: Kommuna har eit stort forbedringspotensiale i å legge til rette for at lokale initiativ enkelt kan få råd og veiledning til å søke midlar og tilrettelegge for at fleire kan vere ute i fjellet.

Samlingstadar: Vi ynskjer å tilrettelegge for fleire grønne lunger i bygda, mellom anna ynskjer frivillige å lage til gapahuk i dalen ved Folkestadvatnet. Vi håper kommunen vil tilrettelegge for park og leikeplass på tomta der Gamleskulen står, gjerne i kombinasjon med utviding av gravplass og parkering. Bygda har ikkje mange slike samlingsplassar og vi ser for oss eit samspel mellom eldre, ungdom og barn som vil bruke ein slik plass på ulike tidspunkt.

Trafikktryggleik: Kommuna må legge betre tilrette for mjuke trafikkantar. Manglar m.a. gangfelt frå skulen til kaia. Vegane er smale. Vi vil gjerne auke antallet som brukar sykkel aktivt i kvar dagen og som går i det daglige, men då trengs det ei bedre trafikksikring i bygda.

Utvalte utviklingstrekk: Folkestad grendalag vil spele inn at kommunen bør busette fleire innvandrarar på bygda. Her er tomme hus og god dekning for fleire barn i skule, barnehage og SFO.

Gratis kjernetid i SFO vil gjøre det enklare for fleire barnefamiliar å vere meir i arbeid.

Industri, innovasjon og infrastruktur: I åra som kjem vil samfunnet mangle handverkarar. Vi håper satsinga på ein innovasjonskultur i kommunen også er ei satsing på handboren kunnskap der desse faga møter nye generasjonar. Å ta vare på denne kunnskapen er viktig for framtida og for å bygge eit berekraftig samfunn.

Berekraftige byar og lokalsamfunn: Volda sentrum er viktig for oss på bygdene. Vi på Folkestad kan bruke Volda sentrum utan bil. Diverre har nokre funksjonar dei seinaste åra blitt flytta utav sentrum. Vi håper denne utviklinga vil snu. Sentrum må gjerast godt og framkommelig for alle aldrar og for mjuke trafikkantar.

Innspel frå Lauvstad og Velsvik grenautval. Lenke: [Dokument 21/8317](#)

Lokalsenter: I eksisterande samfunnssdel står dette: "Fyrde, Folkestad og Lauvstad er dei tre lokalsentra i kommunen." Styret i grenautvalet ser det som positivt at kommunen satsar på 3 lokalsenter i kommunen, etter som Volda er stor i geografisk utstrekning, og heilt klart har ei utfordring med både busetnad, infrastruktur og å yte eit likeverdig tenestetilbod i heile kommunen. Vidareutvikling av tenestetilbodet i kommunen bør bygge på eksisterande strukturar for skular, sjukeheimar og helse. Vi ber om at dette vert vidareført i ny plan.

Bustadlån: Ei utfordring på bygda er at dei som ønskjer å bygge hus ikkje får lånt nok til det huset kostar, fordi marknadsverdi fort vert vurdert som lågare enn byggekost for huset. Vi håper Volda kommune kan påverke reglane, og også stille med verkemiddel som td. garantiar, slik at dette ikkje blir eit hinder i framtida.

Bedrifter: Grendautvalet ser positivt på dei fleste nyetableringar i kommunen og på bygdene, men vil påpeike ei utvikling som må bremsast. Det er at bedriftene ikkje lenger er registrert, eller har tilknyting til kommunen. Dette gjer at overskot og skatt vert trekt ut frå lokalsamfunna, og i nokre tilfelle fer pengane ut av landet. Vi ønskjer at Volda kommune innfører eit verkemiddelapparat for å hindre dette. Særleg der det er snakk om konsesjonar og utnytting av naturressursar må det til dømes kunne gå an å kreve at eigar- og driftsselskap vert registrert i kommunen.

Barnehage, skule, SFO: For innbyggjarane på bygdene må det vere eit fullgodt lokalt tilbod når det gjeld barnehage, SFO, barne- og ungdomsskule. Opningstidene må vere tilpassa normale arbeids- og pendlartider.

Saknar visjonar for dei mindre bygdene: Generelt etterlyser vi visjonar for dei mindre bygdene i Volda kommune. I kommunedelplanen for tidlegare Volda kommune er det m.a. uttalt at det skal leggast til rette for busetting på bygdene m.a. ved at det er lagt opp til fleire områder for spreidd bustadbygging. For at det skal vere attraktivt å nyte seg av desse områda må også eit visst tenestetilbod vere på plass og samtidig ei vissheit om at tilboden vil vere der eit godt stykke inn i framtida.

Mål 17: Samarbeid: Grendalaget opplever å ha eit godt samarbeid med Volda kommune. Å oppretthalde og vidareutvikle samarbeidet mellom vil for vår del vere ein naturleg og god strategi for å oppnå berekraftmålet.

Skule og barnehage: Eit tenleg og forutsigbart barnehage- og grunnskuletilbod er avgjerande for busetting i bygdene våre. For å oppnå berekraftmåla for vår del må det arbeidast for ein skule på vestsida. Vi er opne for andre strukturar enn i dag for å få samla elevane på ein skule. Barnehagetilboden er jamnt over veldig bra. Tilbod om utvida opningstid er vesentleg for busetting.

Heimebasert omsorg: Vi erfarar at dei fleste ynskjer å få bu heime lengst mulig, det opplevast som meiningsfullt å vere i sitt kjende miljø. Med fiberutbygging og velferdsteknologi håpar vi at det skal opplevast som trygt å verte eldre på bygda.

Teknisk infrastruktur – fiberutbygging: Viktig at fiberutbygginga vert realisert så snart som råd.

Samferdsel: Ferja er hovudforbindelsen vår inn til kommunesenteret. Forbindelsen er for dårleg til at innbyggjarane i særleg grad kan ta del i f.eks. kulturtildob i sentrum. Vi imøteser vidare arbeid med Dalsfjordkryssing.

Busetting: Å bygge eigen bustad på bygda krev god eigenkapital og har ein høgare risiko enn å ta over noko eksisterande. Det er få eksisterande bustadar/småbruk til sals. Fleire bustadeigedomar og småbruk går over til å verte fritidseigedomar. Er det råd å sjå på ordningar som gjer det mindre attraktivt å nyte slike eigedomar til fritidseigedomar/la dei stå ubrukte?

Mål 9: Innovasjon og infrastruktur; Fleire verksemder bidreg til verdiskaping og også legg til rette for å kunne ha arbeidsplassen sin lokalt. Vi trur dette også vil gjelde for framtida, men det er avgjerande å få på plass teknisk infrastruktur.

Mål13: Stoppe klimaendringane: Ressursane og verdiane som ligg i fjordane og fjellområda våre må forvaltas på ein god og berekraftig måte. Det er ikkje etablert reinseanlegg for kloakk i bygda. Stadig fleire har el-bilar, på vestsida er det ikkje etablert ladepunkt. Forslag til plassering kan vere ved Dalsfjord skule og/eller ved Lauvstad ferjekai.

Kommuneplan for Hornindal: Det er derfor at den nye Kommuneplanen for Volda kommune inneholder gode formuleringa frå tidlegare kommuneplan for Hornindal, mellom anna at «Hornindal er eit knutepunkt mellom regionar» og at Volda kommune har ei klar målsetting om å vidareutvikle «det gode liv» både i Hornindal og i resten av Volda kommune. Gjennom arbeidet med den nye Kommuneplanen blir det viktig å vidareutvikle det ein har lukkast med i Hornindal og ta tak i viktige tiltak som ikkje er gjennomført. Mellom anna få til ei spennande utvikling i Kjøs og område ved Kjøs bru.

Stadfeste intensjonsavtalen: Hornindal Grendeutval ønskjer at Samfunnsdelen skal stadfeste og forsterke målsettinga om at Grodås skal vere sentrum i indre deler av Volda kommune og at ein skal vidareutvikle og satse på eit desentralisert tilbod av kommunale tenester.

Samarbeid for å nå måla: Det gode liv i ei kommune og i ei bygd blir i stor grad skapt av eldsjeler som brukar av si fritid for å få til aktivitet og ulike trivselstiltak. Kommunen må legge til rette for at eldsjeler og andre frivillige får gode vilkår for å drive frivillig arbeid og kommunen må samarbeide med dei for å nå felles mål om det gode liv og eit inkluderande og velfungerande lokalsamfunn.

God helse og livskvalitet: Gode, trygge og lett tilgjengeleg helsehjelp gjennom heile livsløpet vil vere en viktig faktor for å sikre ei god folkehelse. For å sikre helse og livskvalitet, er det først og fremst viktig å ha fokus på førebygging. Dette kan gjerast ved å bruke mykje ressursar på dei yngste, på dei tilsette som jobbar med desse, på gode og tilgjengelige fritidsaktivitetar til alle og til foreldregruppa.

God utdanning: Hornindal skule kan tilby gode oppvekstvilkår for barn og unge i indre Volda krins. Det er viktig å halde på den gode strukturen og vidareutvikle den. Ein må arbeide vidare for å utvikle uteområdet ved skulen, slik at elevane blir motiverte til leik og sosial læring.